



VESTNES KOMMUNE

Tekniske tenester

Nordvest Nett AS
Kyrkjevegen 12

6240 ØRSKOG

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar - Tlf
27.10.2016		15633/2016	2016/1385-0	Jan Rune Jacobsen - 71 18 40 47

Referat frå Førehandskonferanse – Detaljregulering av Livneset

1. Til stades: Stein Bergheim frå Nordvest nett/Vestnes Energi. Heida Ofeigsdottir, Ingar Iversen frå Ikon Arkitekter og Ingeniører AS samt Anne Marie Valderaune på skype. Stine M.Fiksdal, Arve Rekdal og Jan Rune Jacobsen frå Vestnes kommune
2. Presentasjon av tiltaket: Formålet med møtet er å avklare rammer for detaljregulering av Livneset til bustadområde. Heida presenterte 4 alternative skisser for utvikling på området. Det er lagt til grunn at realisering av sjøfronten langs Sjøgata vil medverke til å gjere eit framtidig bumiljø på Livneset attraktivt. Likeins er kort avstand til alle sentrale funksjonar eit aktivum. Arkitektane har tatt utgangspunkt i ideane frå arkitektkonkurransen i samband med sentrumsutviklingsprosjektet og ønsker å skape noko spesielt/annleis/attraktivt, som gir området karakter og ikkje gjentar tradisjonelle "kassebygg". Reguleringsarbeidet tek sikte på å lage plan for heile området som er avsett til bustadformål i den nye reg.plan, medan tiltakshavar ser for seg utbygging i etappar.
3. Planstatus i dag: Ny reg.plan er under arbeid, men endeleg vedtak dreg ut pga. konflikt (motsegn) med Statens vegvesen. Dette har ingen betydning for Livneset. Den nye reg.planen blir derfor lagt til grunn ved vurdering av Livneset.
4. Andre aktuelle forhold:
 - Arealbruksinteresser-/konflikter: Ingen kjente konflikter, men tilrår at tiltakshavar har tidleg dialog med naboar i nord og sør.
 - Tilkomst: Må skje mot kommunal veg i vest og plassering optimaliserast mtp. sikt.
 - VAR-anlegg: Må pårekne krav om etablering av lokal pumpestasjon på området og tilkopling til kommunalt avløpsnett i vest eller nord. Krav om renovasjonsteknisk plan som del av detaljreguleringsplanen. Kontakt ev. ÅRIM. For vassforsyning, kontakt Vestnes Vassverk (90869430) og brannsjef Frank Skorgenes (99169798). Reguleringsplanen må ta stilling til om intern veg skal vere privat/felles eller kommunal.
 - Forhold til andre myndigheiter, behov for innhenting av uttale: Skjer gjennom melding om oppstart av reguleringsplan (i regi av VE) og offentleg ettersyn av planforslag (regi VK)
 - Høgde over havet: Lavaste høgde på ferdig golv over havnivå er ca. kote 3. Vestnes kommune melder tilbake både om eksakt høgde og trafikktal på Remmingsvegen.
 - KU: Konsekvensutgreiing etter forskrifta er ikkje vurdert nødvendig utover det som går fram av § 3 i reguleringsføresegnene.
 - Aktuelle utbyggingsavtalar må vere på plass før byggestart.

Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01

Org.nr.
939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no

5. Sakstype / saksgang / ansvarsforhold: Ifølge PBL skal oppstart av privat planarbeid avklarast med planmyndigheita i møte. Etter anmodning frå tiltakshavar blir sak lagt fram i førstkomande planutval den 8.november. Deretter er det opp til tiltakshavar å annonsere oppstart av planarbeidet i samsvar med PBL (Plan- og bygningslova)
6. Framdriftsplan for planprosessen: Normalt vurderer og behandlar VK planforslag i planutvalet ved første høve etter mottatt planforslag med tilhøyrande dokumentasjon.
7. Kostnader og gebyr: Gebyr for behandling av private reguleringsforslag er for 2016 vedtatt til kr. 41300. Det må påreknast ein mindre auke for 2017 i storlek med prisstigning elles.
8. Oppsummering og konklusjon: Etter mottatt brev frå Vestnes Energi, blir sak om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Livneset (gnr 45 bnr 66 og 124) lagt fram for planutvalet ved første høve (8.nov.)

Det blir presisert at førehandskonferansen er ei gjensidig orientering mellom tiltakshavar/kommune og aktuelle partar og at den såleis ikkje gir søkar formelle rettar i den vidare saksbehandlinga. Det blir ikkje gitt samtykke eller løyve i ein førehandskonferanse.

Med helsing

Jan Rune Jacobsen
planleggar

Kopi: Møtedeltakarane